

## Innspel frå anonym om landstraum til kaiene i Hareidsvika

Hareid kommune har kommunisert auke i kaiområda i Hareidsvika. Uansett, om det er privat eigd, næring eller kommunale kaier, eller andre eigarar, må det budsjetterast inn land straum. Og påleggast båtar/skip og nytte denne. De er vel « gitt dispensasjon» eller problematikken har vore lagt bort i altfor mange år. Det er nok ikkje aktuelt med « elbåtar / skip» i overskuelig framtid, og Hareid kommune må snarast ta tak i dette og svært tydeleg kommunisere bruk av landstraum ved oppankring. Elles vil Hareid bli «frihavn» for ein uønska situasjon som vert belastende for innbyggjarane, både laste båtar, cruiseskip og andre båtar.